

*Marselius på Rudlebakken og
Asseline Justine Gustava på Dokkeholen*

*Namnebruken i Torvald Tus Jær-stubbar
og hugnadsoger*

Av Inge Særheim

This article considers the use of names – personal names and place-names – in the short comic pieces by the Norwegian author Torvald Tu (1893–1955). Some 500 persons (300 men and 200 women) are mentioned in nine books published between 1920 and 1954. Derivations with the suffixes -ina, -ine, -ette and -(i)a, e.g. Mal(l)ina, Jorina, Gurina, Serina, Bertine, Josafine, Olette and Matea, belong to the most used female names, some of them appear in combination with other names, e.g. Anne Petrina, Dårte Mallina and Asseline Justine Gustava. Such names were much used in Norway in the middle of the 19th century, however they were most likely regarded as outdated when Tu's books were published. A number of place-names, especially farm names, appearing in the pieces are identical with names from the author's home place Klepp in Jæren (southwestern Norway). Identification of the persons by mentioning their first name and a popular name of the place (farm) where they live, e.g. Hallvard paa Reino, Marselius på Rudlebakken and Inger i Lufto, is in accordance with traditional naming in Jæren. Some of the spellings fit with the dialect, e.g. Hauane, Brekkevodd'l, Lynghod'l and Hedlebrekko. Combination of long, sometimes pompous and old-fashioned personal names with farm names in the local dialect adds to the comic character of the persons, e.g. Marselius på Rudlebakken, Aksliane på Dontevod'l, Asseline Justine Gustava på Dokkeholen. This effect is enforced by the semantic content of some names: Dårte Maria i Skrattlehagjen (skratla vb. 'laugh loudly'), Karl Kornelius i Surpebraatet (surpe fem. 'mud, dirt') and Sigvald i Sturtebakken (sturta vb. 'fall down').

1. INNLEIING

Humoristisk litteratur har tradisjonelt sett ikkje vore verdsett særleg høgt blant litteraturforskarar og litteraturkjenningar, men delar av denne litteraturen har vore populær blant folk flest. Ein sjanger innanfor humoristisk litteratur som har vorte nytta av somme forfattarar, bl.a. Per Sivle og Hans Seland, er *stubbar*. Også Jærdiktaren Torvald Tu skreiv fleire bøker innom denne sjangeren. I åra 1920–1954 gav han ut ni bøker med undertitlar som «*stubbar*», «*Jær-stubbar*», «*småsoger*», «*hugnadsoger*» o.l.

I dei snautt 140 stubbane og småsogene som er med i dei ni bøkene, førekjem det ei rekkje personar – meir enn 500 – som er namngjevne. I tillegg er det nemnt mange stader. Mange stadnamn er identiske med namn frå heimbygda til forfattaren, og fleire av person- og stadnamna (særleg bruksnamna) blir oppfatta som morosame – løgne – av lesarar og dei som høyrer forteljingane opplesne. Bøkene til Tu inneheld eit rikholdig namnemateriale som synest høva godt til gransking av namnebruken i denne typen litteratur. Det vil vera av interesse å sjå nærare på kva slag namnelagingar – person- og stadnamn – han nyttar.

Av di Tu vert rekna for ein lokal forfattar, ein «*Jær-diktar*», som hentar emne frå sitt eige heimemiljø, og i fleire av bøkene, t.d. i stubbane (av forfattaren kalla «*Jær-stubbar*») og småsogene, først og fremst synest venda seg til mottakargrupper frå heimstaden sin, er det naturleg å sjå på i kva grad han nyttar namn og namnelagingsmåtar som svarar til namnebruken i dette miljøet. Det kan elles vera av interesse å spørja kva forfattaren ønskjer å uttrykkja ved dei namnevala som han har gjort, og kvifor nokre av namna vert oppfatta som morosame av lesarar og tilhøyrarar.

2. TORVALD TU OG STUBBANE HANS

Heimstaddiktaren Torvald Tu (1893–1955) var svært produktiv som skribent i perioden 1914–1955, og han gav i denne perioden ut meir enn 45 bøker. I tillegg til Jær-stubbane omfattar produksjonen eventyr, dikt, romanar og skodespel (vel 20 stk.). Nokre av skodespela hans, som høyrer til kategorien lystspel, ofte med kjærleik som motiv, var populære i samtida og vart spela på scener bl.a. i Oslo og Bergen, dessutan på amatørscener fleire stader i landet. Ifølgje Andersen (1987) vart *Kjærleik på Lykteland*, som hadde premiere 2. juledag 1923, «ein av dei største suksessane Det Norske Teatret har hatt» (Andersen 1987: 446, jf. og Gatland 2008: 56 f.). Men no er det stort sett berre stubbane og dikta til Tu som folk kjenner. Dei ni bøkene med *stubbar* og *soger* har titlane *I godluna* (1920), *Lystig lag* (1921), *Tu-laattar* (1923), *Høg himmel* (1924), *Fint fylgje* (1926), *Hugnadstunder* (1930), *Glade sinn* (1947), *For fjåge folk* (1950) og *Pinn-Ola og andre* (1954). Kortprosastykka i bøkene *Høg himmel* og *Glade sinn*, som er kvardagsforteljingar om folk frå Jæren, kan kallast småsoger, medan dei sju andre

bøkene inneheld *stubbar*. Nokre av bøkene med *stubbar* har kome i fleire opplag, men dei har blitt fort utselde. Det har elles vore vanskeleg å få tak i bøkene til Tu på antikvariat.

Tu voks opp på eit lite gardsbruk som tidlegare var husmannsplass, i Tumarka, dvs. i utmarka til matrikkelgarden Tu i Klepp. Garden Tu grensar til Bryne (i Time). Det er såleis bygde- og bondemiljøet på Jæren som er bakgrunnen til Tu, noko som er avspegla i motiv, form og språk i diktinga hans. I stubbane skriv han om det heimlege og kvardagslege, ofte om originalar og særingar, om personar som merkjer seg ut både ved spesiell framferd og karakteristisk språkbruk. Her er brautande personar og kjeftesmeler, men òg underdanige og beherska personar. Menneska er teikna i svart/kvitt, som typar. Det er gjerne éi spesiell side ved personane som forfattaren ønskjer å få fram. Ein møter desse personane ofte i monologar, men stundom òg i dialogar og referat. Forfattaren går ikkje inn i tankane deira; han ser personane utanfrå.

Mange replikkar i bøkene til Tu er attgjevne på Jær-dialekt. I boka *Fint fylgje* (1926) er dette gjennomført, og i denne boka er òg referata (forteljingane) i fleire av stubbane attgjevne på dialekt, medan det i andre *stubbar* er nytta normert nynorsk. I bøkene *I godluna* (1920), *Glade sinn* (1947) og *For fjåge folk* (1950) er det nytta normert nynorsk både i replikkar og i forteljinga. I *Lystig lag* (1921), *Tu-laattar* (1923), *Høg himmel* (1924) og *Pinn-Ola og andre* (1954) er referata på normert nynorsk, medan nokre replikkar er på dialekt og andre på normert nynorsk. I boka *Hugnadstunder* (1930) har nokre *stubbar* referat og replikkar på normert nynorsk, medan andre har bae delar på dialekt. Sterke ønske og føringar frå forlaget (Olaf Norli) om å bruka normert språk har nok i nokon grad vore avgjerande for språkvala til forfattaren.

Håland (1994: 40) peikar på at hastverk kan vera ein grunn til at forfattaren ikkje er konsekvent når det gjeld val av dialekt eller normert språk i replikkane i ei og same boka. Det synest ikkje urimeleg. Forfattaren var ofte i ein vanskeleg økonomisk situasjon, spesielt i 1930-åra og under krigen, og han måtte så å seia skriva bøker for å få midlar til å dekkja dei mest grunnleggjande behova. Tu tok òg ansvar for ein ven og sambuar som var alvorleg sjuk; også han budde i diktarhytta i Mosberghagen i Tumarka (Håland 1994: 19 f.).

Sjølv om dei fleste stubbane og sogene er skrivne på normert nynorsk, både når det gjeld rammetekst (referat) og replikkar, vrimlar det med ord og bøyingsmåtar frå jærmålet i tekstene. Alt i *Lystig lag* (1921) finn ein mange innslag av dialekt, som *adle i hob* (alle i hop), *Ko'lest he* (Korleis har), *K'æ* (kva), *tio* (tida), *si'ô* (sida), *sjuge* (sjuk). I *Tu-laattar* (1923) finn ein ord og ordformer som *vannar i*, *skrompetrod'l*, *haned'l*, *sto'en*, *lø-døro óbø*, *tooge*, alle med forklaring i teksten. Andre skrivemåtar i denne boka er *'jipe* (gift), *itte* (etter), *stivlar* (støvlar), *gjedna* (gjerne), *olstra* ('kava, masa'). Endå meir dialektbruk er det i

Fint fylgje (1926), der ein t.d. finn ordformer som *sloga-bra'en*, *kjeptasterke*, *om-ann-i-dom* ('hulter til bulter'), *pikkane tér* ('bitte litt'), *bésa* ('bisla'), *tikkje* (tykkjer), *kvælen* (kvelden), *må'en* (månen). I *For fjåge folk* (1950) nyttar Tu ord som *amjol* ('trollete person (kvinne)'), *gjegnet* ('snarvegen'), *ålveltes* ('(gå) over ende') og *sturta sterta* ('slå kollbytte').

I forteljingane finst det i tillegg til dei vanlege personnamna og stadnamna ein god del persontilnamn. Oftast dreiar det seg om eit tillegg til førenamnet, t.d. *kryle-Kari*, *Maren den vene*, *Putle-Bendiks*, *Tobakk-Hans*, *Abram med hido*, *Ola Snikkar*, *Lars klokkar*, *Torvald den glade*, *Pinn-Palle*, *Per paa laatten*, *Store-Jon Rosland*, *store-Nils*, *litle-Nils*, *Prest-Ola*, *silke-Einar* og *Tjo-Nils*. I andre høve vert det nytta ei spesiell nemning som ikkje inneheld førenamnet til personen: *Paradisfuglen*, *Rassjen*, *Pikkas* og *Vesalldrøpen*. Mange tilnamn skildrar spesielle karakterdrag som personen har, som *Taaeg-Tore*, *Ola vrangkjeft* og *vonde Per*, medan andre gjer greie for t.d. storleik (*Goliat*, *litle-Ole-Johanes*, *store-Ole-Johanes*), spesielle kroppsrørslar (*glire-Malli*), alder (*Gamle-Eirik*), yrke (*Paal bakar*, *Syster Marie*) eller buplass (*Særheimsgubben*).

Også nokre husdyrnamn er tekne med i forteljingane, særleg kunamn, som *Blomros*, *Raudsid*, *Raudkolla*, *Brunna*, *Svartsid*, *Plomrei*, *Terna*, *Erla* (2 g.), *Roselin* (2 g.), *Brandros*, *Dagros*, *Dokka*, *Soldokka*, *Ringkoll*, *Svana*, *Stjerna*, *Krona*, *Gjævrei*, *Gråmøy*, *Roselita* og *Sylvelin*. Det finst òg hestnamn (*Brunko*) og hundnamn (*Bjørn*, *Freia*, *Flora*).

Den siste stubben i *Tu-laattar* (1923) heiter *Namnet*. Der diskuterer Tu namnet på sjølve boka. Han fortel at han får hjelp av ein gammal ven, som foreslår *Tu-Laattar*: «Vil 'kje andre læ aat laattane dine, – læ sjølv du farr» (Tu 1923: 89).

3. PERSONNAMN

Av dei godt og vel 500 namngjevne personane som ein møter i dei ca. 140 stubbane og småsogene, er det vel 300 menn og 200 kvinner. Nokre få personar (og namn) er nemnde i meir enn ein stubb, nemleg *Per Riskjell* (4 g.), *Per Smalhagen* (3 g.), *Jonas Riskjell* (2 g.), *Jon Pollestad* (2 g.) og *Syvvert Brattstad* (2 g.). Elles er *Per* og *Lisa* nærast å rekna som type-namn, som ein finn i fleire av dikta og stubbane til Tu. Blant dei ca. 500 personane som er omtala, finn ein litt over 120 ulike kvinnenamn og sameleis litt over 120 ulike mannsnamn. Namnespreiinga kan med andre ord seiest å vera tolleg god.

3.1 Mest brukte førenamn

Om ein ser på kva for namn som er brukte av flest namneberarar i dei ni bøkene, viser det seg at blant mannsnamna toppar *Ola(v)* med 17 representantar. Også *Per* førekjem i 17 stubbar, men her tyder etternamnet på at det truleg berre gjeld 12 ulike personar. Etter desse to namna følgjer *Hallvard* (10), *Nils* (9), *Rasmus* (9),

Syvvert (7, gjeld 6 personar), *Jon* (7, gjeld 6 personar), *Lars* (7), *Samel* (6), *Tønes* (6) og *Martin* (6).

Mest brukt blant kvinnenamna er *Berta* med 7 representantar. Deretter følgjer *Mal(l)ina* (6), *Lisa* (6), *Kari* (6), *Matea* (5), *Jorina* (5), *Olina* (4), *Johanna* (4) og *Malli* (4). Om ein tek med namn som er brukte tre gonger, får ein med *Bertine*, *Josafine*, *Gurina*, *Serina*, *Karoline* og *Olette*, dessutan *Seselia*, *Sanna*, *Maria*, *Anna* og *Marta*. Ein legg merke til at avleiingar på *-ina*, *-ine*, *-ette* mfl. er godt representerte blant dei mest frekvente kvinnenamna i stubbane og småsogene til Tu.

Om ein jamfører dei 11 mest brukte mannsnamna hjå Tu med dei 10 namna som er brukte av flest menn i manntalet for Høyland (no innlemma i Sandnes kommune) frå 1937, finn ein der att følgjande fem: *Lars*, *Olav*, *Martin*, *Ole* og *Rasmus* (Aurenes 1942: 120). Av dei ni kvinnenamna som ligg øvst hjå Tu, er berre eitt, nemleg *Berta*, å finna på ei liste over dei sju mest brukte kvinnenamna i Høyland herad i det kommunale manntalet frå 1937 (Aurenes loc.cit.).

3.2 Namn med opphav i nordisk språk

Når ein ser nærare på bruken av namn med opphav i nordisk språk, kjem det fram eit tydeleg utviklingsdrag. I dei fem bøkene med stubbar som er skrivne i tida 1920–1930, har 13–21 % av personnamna nordisk språkoppav. I dei to bøkene som kom i 1950-åra, dreiar det seg om 39–44 %; i den siste perioden er det med andre ord ein sterk auke i bruken av nordiske namn. I dei to bøkene med småsoger, frå 1924 og 1947, viser utrekninga 26 %. Den nemnde utviklinga synest ha samanheng med den nordiske namnerenessansen, som gjorde seg gjeldande i den nemnde perioden, med sterk framvekst av personnamn med opphav i nordisk språk. Namnebruken i Tu-stubbane speglar med andre ord den røynelege utviklinga i namnebruken i den perioden det gjeld.

Bruken av nordiske namn står i alle bøkene sterkare blant mannsnamna enn blant kvinnenamna, men både manns- og kvinnenamna har den omtala auken fram til 1950-åra. For mannsnamna ligg bruken av nordiske namn på over 20 % i dei fem bøkene med stubbar frå perioden 1920–1930, og nærare 50 % i dei to bøkene frå 1950-åra. For kvinnenamna ligg prosentsetningen stort sett under 10 i dei fem bøkene frå 1920–1930, men med auke til 23–39 % i dei to bøkene frå 1950-åra. Også ein slik skilnad i bruken av nordiske namn mellom manns- og kvinnenamna har motsvar i den røynelege namnebruken i den nemnde perioden. Nokre av skrivemåtane hjå Tu speglar ei lokalmerkt uttaleform: *Todlei*, *Aadne*, *Tøres*, *Børe*, *Helje*, *Aslag*, *Hallvar*, *Gonvor*, *Valbor*, *Ingebor*.

Om ein jamfører med Aurenes' gransking av personnamnbruken i Jær-bygda Høyland, viser det seg at dei nordiske namna i 1937 vart nytta av 33 % av namneberarane, 42 % av mennene og 24 % av kvinnene (Aurenes 1942: 120). Går ein

attende til 1865-manntalet, er tala 25½ %, dvs. 38 % av mennene og 12 ½ % av kvinnene (loc.cit.). Heller ikkje Aurenes har rekna kortformer av bibelske og kyrkjelege namn eller andre importnamn med i gruppa av nordiske namn, t.d. kvinnenamn som *Berit*, *Eli*, *Kari*, *Kirsti*, *Margit*, *Ågot*, eller mannsnamn som *Per*, *Jon*, *Hans*, *Nils*, *Lars*.

3.3 Kyrkjelege og bibelske namn

Som det går fram av listene over dei mest nytta førenamna, står den namnegruppa som ein gjerne kallar bibelske og kyrkjelege personnamn, sterkt. Gruppa omfattar namn som førekjem i Bibelen, dessutan namn som har kome til oss som del av den kristne og kyrkjelege tradisjonen, t.d. namn på kyrkjefedrar og helgenar. Slike namn omfattar t.d. 8 av dei 11 mest nytta mannsnamna i dei ni bøkene, og 7 av dei 9 mest nytta kvinnenamna. Av dei 12 mest nytta mannsnamna i 1937-manntalet frå Høyland omfattar slike namn 8, og av dei 7 mest nytta kvinnenamna omfattar dei 5 namn.

Blant dei mykje nytta mannsnamna hjå Tu finn ein kortformer som *Per* (17 stk.), *Nils* (9), *Jon* (7), *Lars* (7), *Hans* (5), *Pål* (5) og *Jens* (4), alle med berre ei staving. Men også lengre former og fullformer er vanleg: *Martin* (6), *Tønes* (6), *Kristian* (5), *Gabriel* (5), *Jonas* (4) og *Johannes* (4). Stundom nyttar forfattaren skrivemåtar som speglar dialektuttalen av slike namn, t.d. *Samel* (6), *Bendiks* (5), *Abram* (4), *Andrias* (2), *Laures* (2), *Syvvin* (1), *Mikkjel* (1) og *Adoll* (1), jf. òg formene *Tønes* og *Johanes*, som samsvarar med eldre jæruttale. To personar heiter *Palle*, eit namn som har vorte nytta ein del på Jæren. Ein finn òg meir sjeldne namn, som *Berdines* (1). Bruken av særmerkte målføreformar og mindre vanlege namn kan vera med på å gje stubbane og sogene ein lokal og heimleg karakter. Av di nokre av namneformene stikk seg ut, blir dei av somme oppfatta som løgne.

Av kvinnenamn i stubbane og sogene som er nytta av fleire personar, kan nemnast kortformer som *Berta* (7), *Lisa* (6), *Kari* (6), *Malli* (4), *Sanna* (3), *Lotte* (2) og *Dårte* (2). Også fulle former av bibelske og kyrkjelege namn er brukte, som *Maria* (3), *Anna* (3), *Marta* (3), *Seselia* (3), *Rakkell* (2), *Sara* (2), *Lisabett* (1) og *Synnøva* (1). Nokre skrivemåtar speglar målføreuttalen, t.d. *Rakkell*, *Seselia*, *Dårte*, *Soffia* og *Sille* (kortform av *Cecilie*).

3.4 Avleiingar på *-ina*, *-ius* mfl.

Av lista over dei mest nytta kvinnenamna går det fram at kvinnenamn med avleingsendingar som *-ina*, *-ine*, *-ette* og *-(i)a* mfl. omfattar fleire av dei mest brukte namna. Her dreiar det seg om namn som er avleidde av andre personnamn, ofte mannsnamn, med dei nemnde suffiksa. Døme på namn med slike avleingsuffiks som er brukte i fleire stubbar, er *Mal(l)ina* (6), *Jorina* (5), *Matea* (5), *Johanna* (4), *Bertine* (3), *Josafine* (3), *Gurina* (3), *Serina* (3), *Karoline* (3), *Olette* (3), *Lavrensa*

(3), *Taletta* (2), *Tomine* (2) og *Justina* (2). Elles finn ein namn som *Teoline* (1), *Sivrine* (1), *Olefine* (1), *Petrina* (1), *Jensine* (1), *Martine* (1), *Nikoline* (1), *Regina* (1), *Gustava* (1), *Petra* (1), *Paula* (1), *Juliane* (1) og *Aksliane* (1). Også andre døme på slike avleiingar førekjem i forteljingane til Tu. Nokre av skrivemåtane speglar dialektuttalen av namna, som *Josafine*, *Jusafine*, *Sivrine* og *Kjistina*.

Namn av denne typen er i stubbane og sogene hans òg vanlege som andrenamn i dobbelnamn, noko som samsvarar med undersøkingar av den røynelege namnebruken fleire andre stader i landet (Aarseth 1982: 89). Døme hjå Tu er *Grete Serina*, *Guri Serina*, *Guri Karina*, *Berte Gurina*, *Berta Gurina*, *Berta Kornelia*, *Anne Petrina*, *Lisa Serina*, *Dårte Mallina* og *Berta Kristina*. Slike lagingar omfattar meir enn halvparten av kvinnenamna som er dobbelnamn. Om lag 10 % av personane i stubbane har eit dobbelnamn, i gjennomsnitt fleire kvinner enn menn (jf. òg Aarseth loc.cit.). I tillegg kan nemnast ei laging med tre namn: *Asseline Justine Gustava*.

Avleiingar av denne typen vart mykje nytta midt på 1800-talet, då dei i nokre bygder utgjorde kring 20 % av kvinnenamna (Kruken 1982: 63 f.). Namnetypen gjekk attende mot slutten av 1800-talet, og fekk ein avgjerande knekk i tida 1900–1920. I stubbane og sogene til Tu omfattar slike namn ein langt større del av kvinnene enn det som var røyneleg namnebruk i den aktuelle perioden. I alle seks bøkene som han gav ut i perioden 1920–1930, har meir enn 40 % av kvinnene namn med slike avleingsuffiks. I fire bøker har meir enn halvparten av kvinnene slike namn. Høgast ligg – ikkje uventa – bøkene *Fint fylgje* (1926) og *Hugnadstunder* (1930). Her finn ein dei mest typiske – og beste – Jær-stubbane. I den førstnemnde har meir enn 60 % av kvinnene eit namn av *ina*-typen, medan det dreiar seg om meir enn 70 % i den andre boka. I dei tre siste bøkene (GS, FFF, PO) har færre enn 30 % av kvinnene eit namn av denne typen, i den siste boka ingen.

Det finst fleire mannsnamn i bøkene til Tu som inneheld suffikset *-(i)us*, t.d. *Marselius* (4), *Mandius* (3), *Olaus* (3), *Julius* (2), *Bertinius* (1) og *Melius* (1). I tillegg kjem dobbelnamn med namn av denne typen som andrenamn: *Per Julius*, *Peder Mandius* mfl. Men klart færre menn enn kvinner har namn med slike suffikslagingar. I alle ni bøkene ligg prosentdelen for mannsnamn av denne typen godt under 20, og i fem av bøkene godt under 10 %. Også på landsbasis var bruken av namn med slike avleingsuffiks mykje vanlegare – og avleingstypene fleire – blant kvinnenamna enn blant mannsnamna, noko som samsvarar med namnebruken hjå Tu.

Den svært omfattande bruken av namn, spesielt kvinnenamn, med dei nemnde avleingsuffiksa, særleg i dei mest typiske – og løgnaste – Jær-stubbane (i FF og HS), er nok ein viktig grunn til at mange personnamn i bøkene til Tu blir rekna som morosame. Namna medverkar til at også personane blir oppfatta som komiske. Personnamna utgjer med andre ord eit integrert og viktig element i skildringa.

Slike lange namn høyrer til ein tidlegare tidsperiode, med andre ord dreiar det seg om namnelagingar som tidlegare var mykje brukte, men som i 1920- og 1930-åra hadde gått ut på dato. Når ein gjev slike lange og høgtidelege namn, gjerne med gamle latinske og romanske endingar, til alminnelege Jær-bønder og bygdemeneske som er skildra i kvardags situasjonar, i mange høve personar som har eit utstikkande karakterdrag, kan det lett bli oppfatta som komisk. Eit døme på det er den vesle guten – utangen – Marselius som får skjenn av Gurina i Sandbakkjen fordi han går i kjøkkenskapet på leit etter søtsaker. Samankoplinga av slike namn med rotnorske gards- og bruksnamn som er tilpassa den lokale språk- og namnekulturen, medverkar òg til den komiske effekten. Nokre av namna med slike avleiingar som er nytta av Tu, har vore lite brukte i allmenn namnebruk og stikk seg difor ut, t.d. mannsnamnet *Melius* og kvinnenamnet *Asseline*; samankoplinga *Asseline Justine Gustava* (på *Dokkeholen*) synest vera eineståande. Også dette verkar med til den komiske effekten.

Illustrerande er tankane som *Ole Andreas* på Storeholen i den korte saga *To grannar* (FFF) gjer seg om namn og namnebruk. Sjølv er han svært godt nøgd med namnet sitt, men han tykkjer synd på grannen sin, *Mandius*, «ein liten tase av eit mannfolk» som bur på ein «avgøymd stad å seia, ute i holaste Horpestadmarka», «mellom to drav-blaute myrleite»: «Tenk så å heita berre Mandius! Det attåt alt! – Noko så stygt! Skulle ikkje tru det var eit døypenamn! Det var det styggaste namnet Ole Andreas på Storeholen visste om» (Tu 1950: 64 f.).

4 STADNAMN

4.1 Gardsnamn (og etternamn) som svarar til eksisterande namn

Personnamna i stubbane og sogene er gjerne knytte saman med eit stadnamn som gjer greie for kor vedkomande person bur. Slike stadnamn er ofte identiske med eit eksisterande gards- eller bruksnamn frå Jæren; namna fungerer òg gjerne som etternamn. Når ein person er omtala som t.d. *Per Riskjell* eller *Jon Pollestad*, vil det i denne samanhengen òg seia at den nemnde personen kjem frå og bur på garden Riskjell eller Pollestad. Både desse gardsnamna finst i Klepp kommune, heimbygda til Tu. Mange gardsnamn frå Tus heimbygd og frå tilgrensande bygder på Jæren, særleg Time, er nemnde i forteljingane; namna fungerer både som etternamn (personnamn) og som gardsnamn (stadnamn).

Den mest brukte måten å omtala personane på i stubbane og sogene er likevel å nemna førenamnet til vedkomande og det folkelege namnet på gardsbruket der denne personen bur, kopla saman ved hjelp av ein preposisjon, t.d. *Hallvard paa Reino* (IG), *Sivert med Stemmen* (FFF) og *Inger i Lufto* (PO), jf. kap. 4.2. Det er svært lite bruk av patronym og etternamn som er stivna patronym. Eit døme på det sistnemnde er *Pedersen* i stubben *Kjækkassen* (FF); her dreiar det seg – typisk nok – om eit bymenneske: «Pedersen hødt 'an å va frå byen» (Tu 1926: 10).

Av personar med etternamn som er identiske med eit gardsnamn i Klepp, kan nemnast *Jonas* (IG, LL), *Per* (IG, FF, GS, FFF) og *Pål Riskjell* (GS), *Eirik Orstad* (IG), *Karl* (IG), *Store-Jon* (LL), *Mandius* (TL), *Lavrensa* (FF), *Mikkjel* (HS), *Odd* (GS), *Elling* (FFF) og *Rasmus Rosland* (PO), *Tønes Orre* (IG), *Erik Øksnevad* (LL), *Jon Pollestad* (TL), *Gudrun Salte* (HH), *Mikal* (HH), *Gunnar* (GS) og *Einar Storhaug* (GS), *Henrik Høye* (HH; svarar til lokal uttale av gardsnamnet *Hauge*), *Berdines Borsokk* (FF), *Ragna Hattaland* (FF) og *Jon Hatteland* (GS), *Peder Gabriel Mikkelsen Bore* (FF), *Erna Engelsvoll* (GS), *Aslag Gruda* (GS), og *Elsa* (GS) og *Anna Laland* (GS). Eit bruksnamn finn ein i *Ane Maria Kåsen* (HH).

Gardsnamn frå grannebygda Time nytta som etternamn er òg vanleg: *Todlei* (IG), *Tøres* (LL), *Ola* (TL), *Kåre* (GS) og *Olina Re* (GS), *Per Line* (HH), *Tøres* (HH), *Gudrun* (HH), *Martin* (GS) og *Eivind Steinsland* (GS), *Ole Johan* (FF) og *Rasmus Rossaland* (FF), *Regina* (FF) og *Hallvard Haugland* (GS), *Jorina* (HS), *Eli* (GS) og *Søren Kallberg* (FFF), *Bernt* (GS), *Gamle-Eirik* (FFF) og *Gabriel Åsland* (FFF), *Hallvard Øvre-Åsland* (FFF), *Berte Kornelia Kverneland* (GS), *Syvvert Lende* (GS) og *Peder Olai Tunheim* (GS). Ein finn òg etternamn som svarar til gardsnamn i andre bygder frå Jær-området, som *Jens* (IG) og *Jens Gabriel Røysland* (LL), *Abram Brunnes* (LL), *Hallvar Reime* (HS), *Dårte Dysjaland* (HS) og *Nils Kvål* (GS).

I stubbane og sogene sine omtalar elles Tu nokre gardar som har same namn som gardar i Klepp: *Laland* (IG, HS), *Orstad* (IG, FFF), *Særheim* (IG), *Anda* (LL), *Hatteland* (LL), *Salte* (LL), *Katteland* (LL), *Braut* (LL, HH), *Kleppe* (LL, GS), *Nese* (TL), *Riskjell* (TL, HH), *Tu* (TL), *Borsokk* (TL), *Rosland* (TL, FF, HS, PO) og *Erga* (FF), jf. òg gardsbruk som *Kaasen* (IG, TL) og *Ruste* (IG). Somme gardar har same namn som gardar i nabobygda Time: *Tegle*, *Rossaland* (TL), *Bryne* (TL, FF), *Line* (HH), *Re* (HS), *Kverneland* (GS, FFF), *Åsland* (GS), *Kallberg* (GS, FFF), *Lende* (GS) og *Lye* (GS). Andre lokale gardsnamn som han har med, er *Bruland* (LL) og *Heigrestad* (HH).

Fleire naturnamn er samansette med eit gardsnamn som førekjem på Jæren, t.d. *Tubakken* (IG, LL) og *Njåfjellet* (FF), jf. kap. 4.3. Også somme persontilnamn og andre nemningar inneheld gardsnamn som er kjende frå heimbygda til Tu eller tilgrensande bygder, jf. *Tu-smalen* (IG), *Særheimsgubben* (IG), *Særheimsgarden* (FFF), *Orstad-snikkaren* (IG), *Lalandsgarden* (HH), *Brautagarden* (HH), *Re-smalen* (TL), *Re-garden* (GS), *Line-garden* (HH), *Steinslandsgarden* (HH), *Njå-garden* (GS), *Åslandsgarden* (FFF) og *Heigrestadgarden* (HH).

Det finst òg døme på innbyggjarnemningar som svarar til nemningsmåtar som er vanlege på Jæren. For folk frå ein matrikelgard og visse gardsbruk er det vanleg i jærålet å nytta pronomenet *dei* framom vedkomande gardsnamn, som *dei Tu*, *dei Laland* og *dei Tjøtta*. Tu omtalar t.d. *dei Vik* (IG), *dei Friestad* (TL) og *dei Brekko* (IG, TL).

Dei mange døma ovanfor viser at bruken av gardsnamn – og etternamn – som er identiske med eksisterande gardsnamn i heimbygda til forfattaren og tilgrensande bygder, er svært omfattande. Det lokale, røyngle namnetilfanget kan gjerne seiest å vera hovudnamnebasen hans, noko som er med på å understreka det heimlege, kvardagslege og uhøgtidelege preget til stubbane og sogene.

Gardsnamna er stort sett skrivne i samsvar med nedervd lokal uttale og gjeldande rettskrivingsprinsipp, som *Re*, *Tu*, *Gruda*, *Rossaland*, *Hattaland* og *Øksnavad*, ikkje t.d. *Ree*, *Thu*, *Grude*, slik desse namna oftast er skrivne som etternamn (slektsnamn). Men heilt konsekvent er ikkje *Tu*. Ein finn òg skrivemåtar som *Katteland* (for *Kattaland*) og *Kverneland* (for *Kvernaland*), dessutan *Hatteland* og *Øksnevad*. I stubben *Tri brev* (FF) der skrivemåte og framstillingsform i kjærleiksbrev er eit viktig poeng, finn ein former som *Klæppe* (for *Kleppe*), og både *Rossaland* og *Rosseland*, dessutan både *Kristina* og *Kristine* (om same personen), og *Peder* og *Pæder* (om same personen). Den skiftande skrivemåten i ulike situasjonar er her medvitne val frå forfattaren si side.

Forfattaren har òg nytta somme gards- og etternamn som han anten har laga sjølv med grunnlag i vanlege namnelagingsmønster, eller som han har henta frå bygder lenger borte. I dei tre første bøkene hans (IG, LL, TL) finn ein t.d. *Olaus Skarmyri* (IG), *Samel Svartaakren* (IG), *Lars Uthagen* (IG), *Simon Graarabben* (IG), *Andrias Porshagen* (IG), *Tobias Stokkevollen* (IG), *Nils Flatland* (IG), *Per Julius* (IG) og *Bertel Haugen* (LL), *Rasmus Tunland* (LL), *Syvert Brattstad* (LL, TL), *Ola Rutehagen* (LL), *Peder Olai Storsletta* (LL), *Lotte Myrbakken* (LL), *Maria Myra* (TL), *Helga Geilhagen* (TL), *Ola Grindholen* (TL) og *Per Graabakken* (TL). Frå andre bøker kan nemnast *Ole Johanes Røysahagen* (HH), *Samel Tangaland* (FF), *Martin Tuftaland* (FF), *Rasmus Rutlebakken* (GS) og *Bernhard Bustebakken* (GS).

4.2 Bruksnamn med lokale namneparallellar

Ved omtalen av personar i sogene og stubbane nyttar *Tu*, som nemnt, oftast ein uttrykksmåte som er mykje nytta i tradisjonelt jærmål, nemleg førenamnet kopla saman med namnet på vedkomande buplass (gardsbruk) ved hjelp av ein preposisjon, t.d. *Bertine paa Brekko* og *Hallvard paa Reino*, bae frå IG (1920). I røyngle namnebruk kan personane offisielt gjerne ha eit anna etternamn, oftast namnet på vedkomande matrikkelgard, men i bygda vert dei omtala på den nemnde måten. *Karl Grude* vert t.d. omtala som *Karl med Åna*, *Sven Sele* som *Sven med Hølen*, *Trygve Skretting* som *Trygve i Hølen*, og *Maria Anda* som *Maria i Døsa* (Særheim 1980: 86, jf. òg Nedrelid 1998: 196 ff.).

Nokre av bruksnamna som *Tu* nyttar på denne måten, har han laga sjølv, i somme høve venteleg for å få fram eit komisk drag. Men svært mange av bruksnamna som *Tu* har med, førekjem òg som røyngle bruksnamn eller naturnamn i

heimbygda hans, eller i grannebygdene. Mange namneparallellar kjem til syne om ein konfererer med namnetilfang som vart registrert frå Klepp sist i 1970-åra (Særheim 1980). Mange – truleg dei fleste – av desse namna er ukjende av folk flest på Jæren i dag, og ein god slump av dei var truleg òg ukjende for folk flest då bøkene til *Tu* kom ut.

Alt i den første boka med stubbar, *I godluna* (1920), finn ein mange bruksnamn som har parallellar i stadnamn frå Klepp (nokre av namna førekjem òg i andre bøker). Døme er *Bertine paa Brekko* (jf. bruksnamnet (*på*) *Brekka* frå Anda), *Hallvard paa Reino* og *Per paa Reini* (jf. òg *Jens på Reina* i FF og *Ottar på Reina* i PO; namnet *Reina* finst på Vasshus, Øksnavad og Kleppe), *Hallvard paa Hølen* (jf. òg *Johannes på Hod'l* i FF; bruksnamnet (*på*) *Hølen* førekjem bl.a. på Kleppe, Rosland og Stangaland), *Grete i Grøvi* (jf. bruksnamnet (*i*) *Grøva* frå Tu, Rosland og Riskjell), *Syvert i Døsi* (jf. òg *Kristian i Døsi* i LL; bruksnamnet (*i*) *Døsa* ligg føre bl.a. på Tu), *Sanna i Skakkabrøtet* (jf. *Skakka Skågabrotet* frå Tu), *Ola Gabriel i Lynghagen* (jf. bruksnamnet (*i*) *Lynghagen* på Orstad), *Olette paa Myri* (jf. bruksnamnet (*på*) *Myra* på Orstad), *Søren 'med Vatnet* (jf. bruksnamnet (*med*) *Vatnet* frå Engelsvoll), *Berta i Bakkarne* (jf. òg *Lisa i Bakkane* i FFF; bruksnamnet (*på*) *Bakkane* førekjem på Rosland), *Jørgen paa Flatholen* (jf. *Flatholen* frå Rosland og Pollestad), *Tøres Mosberg* (jf. *Mosberg* frå Tu, dessutan *Mosberghagen*, som er namnet på diktarhytta til Tu), *Karl i Krikarne* (jf. bruksnamnet (*i*) *Krikane* frå Braut), *Bertinius i Tangen* (jf. òg *Hallvard i Tangen* og *Hans i Tangen* i LL; bruksnamnet (*i*) *Tangen* ligg føre på Øksnavad og Horpestad), *Bertel på Ruste* (jf. òg *Kornelius Rustet* i TL og *Berta Gurina på Ruste* i FF; bruksnamnet (*på*) *Rustet* ligg føre på Øksnavad), *Olette i Skaret* (jf. òg *Matea i Skaret* i LL, *Tomine i Skare* i FF, *Jonas i Skare* i FF og *Olette i Skaret* i GS; bruksnamnet (*i*) *Skaret* førekjem på Tjøtta), *Adoll i Krossen* (jf. *Krossen* frå Anda, Kleppe, Vik).

Også i bøkene som følgde, nytta *Tu* mange bruksnamn med parallellar i stadnamn frå heimbygda si. I LL (1921) finn ein t.d. *Dina* og *Karl Kjeldebakken* (jf. òg *Jorina i Kjeldebakken* i FFF; bruksnamnet (*på*) *Kjeldebakken* førekjem på Anda), *Lars Vestrevollen* (jf. *Vestrevollen* frå Laland), *Ola Svartholen* (jf. bruksnamnet (*i*) *Svartholen* frå Braut og Bore), *Bernt Braatet* (jf. bruksnamnet (*i*) *Brotet* frå Salte og Stangaland), *Ane Berte paa Digerheio* (jf. bruksnamnet *Digerheia* frå Salte).

I TL (1923) kjem det til namn som *Rasmus i Rævholen* (*Revholen* finst mange stader i Klepp), *Katrina i Kraakebakken* (jf. *Kråkebakken* frå Mæland), *Samel i Saltebakken* (jf. òg *Lars i Saltebakken* i HH; *Saltebakken* er eit kjent namn på Salte), *Jakop i Riskjellmyra* (jf. gardsnamnet *Riskjell*), *Palle i Hattalandskroken* (jf. gardsnamnet *Hattaland*), *Nikoline paa Haabakken* (*Håbakken* finst bl.a. på Orstad), *Mandius paa Kaasaheia* (jf. bruksnamnet *Kåsen* på Tjøtta), *Sven paa*

Tuholen (jf. òg *Bertine på Tuhod'l* i FF; *Tuholen* er ein kjend stad på Tu), *Laures i Lyngtangen* (*Lyngtangen* førekjem på Horpestad og Hole).

Andre bruksnamn med lokale parallellar dukkar opp i HH (1924): *Matea i Larsamyro* (jf. òg *Laura i Larsamyro* i HS; *Larsamyra* ligg føre på Laland), *Tønes på Leitet* (jf. bruksnamnet (*på*) *Leitet* frå Voll og Orre), *Marselius på Rudlebakken* (jf. bruksnamnet (*på*) *Rudlebakken* frå Horpestad), *Anders i Båtstø-bakken* (jf. *Båtstøbakken* på Laland), *Elias Kringlevollen* (jf. *Kringlevollen* på Hattaland), *Andrias Brennarholen* (jf. bruksnamnet (*i*) *Brendarholen* frå Salte), *Knut i Kils-holen* (jf. bruksnamnet (*på*) *Kjellsholen* /'Kilshod,l/ frå Salte).

FF (1926) har namn som *Emma på Kåsen* (jf. bruksnamnet (*på*) *Kåsen* frå Tjøtta), *Håvard Holmarholen* (jf. bruksnamnet (*på*) *Holmarholen* frå Braut), *Syvert i Hagjen* (bruksnamnet (*i*) *Hagen* finst bl.a. på Orstad og Horpestad), *Simon Skankland* (jf. bruksnamnet (*på*) *Skanklane* frå Rosland), *Peder Andrias på Holmarheio* (jf. *Holmaheia* frå Sele), *Bernt på Hauane* (bruksnamnet (*på*) *Haugane* ligg føre bl.a. på Friestad og Vasshus), *Marta på Tåholen* (namnet *Tåholen* er registrert frå Kleppe), *Sille i Hattelands-myra* (jf. gardsnamnet *Hattaland*), *Karoline Bruholen* (bruksnamnet (*på*) *Bruholen* finst på Riskjell), *Martin på Brautavollen* (bruksnamnet (*på*) *Brautavollen* førekjem på Braut).

Andre bruksnamn med namneparallellar i heimbygda til forfattaren dukkar opp i HS (1930): *Samel på Brekkevodd'l* (*Brekkevollen* finst på Anda), *Rasmus i Hagane* (namnet *Hagane* førekjem bl.a. på Orstad og Kleppe), *Gabriel på Gunnarsvollen* (jf. *Gunnarsvollen* på Særheim), *Gunvor i Steinhagjen* (jf. *Steinhagen* på Tu, Anda mfl.), *Mallina på Porsholen* (jf. *Porsholen* på Grødaland), *Helmikk i Heiane* (jf. bruksnamnet (*i*) *Heiane* på Pollestad; dette stadnamnet finst òg på Hauge), *Knud på Lynghod'l* (*Lyngholen* er notert frå Hattaland).

Frå GS (1947) kan nemnast *Lars på Steinvollen* (*Steinvollen* førekjem på Bore), *Per Slettevollen* (*Slettevollen* finst på Braut og Gruda), *Henrik på Rindane* (jf. bruksnamnet (*på*) *Rindane* frå Nese), *Annfinn i Andabakken* og *Olaus i Andabakken* (*Andabakken* er ein kjend stad på Anda). Døme frå FFF (1950) er *Gunnhild i Breimyr* (jf. *Breiemyra* på Tu), *Kristian i Bakkebråtet* (jf. *Bakkabrotet* på Engelsvoll), *Mari Myrland* (jf. bruksnamnet (*på*) *Myrland* frå Hattaland), *Mandius i Horpestadmarka* (jf. gardsnamnet *Horpestad*), *Svein Arhaug* (jf. bruksnamnet (*i*) *Arhaug* på Horpestad og Braut), *Sivert 'med Stemmen* (namnet *Stemmen* finst mange stader), *Jon Liane* (jf. bruksnamnet (*i*) *Liane* på Mæland). I PO (1954) finn ein namn som *Olav Storemyr* (namnet *Storemyr* finst på Grødaland og *Storemyra* på Horpestad), *Per Storevoll* (på Tu finn ein *Storevollen*), *Jon på Hauane* (bruksnamnet (*på*) *Haugane* finst på Friestad og Vasshus), *Sara i Andabråtet* (jf. gardsnamnet *Anda*) og *Inger i Lufta* (bruksnamnet (*i*) *Lufta* finn ein på Orstad, Erga og Bore).

Nokre av namna som her er nemnde, kan Tu sjølvsgatt ha laga sjølv i samsvar

med kjende namngjevingsmønster, ev. henta frå ein heilt annan stad, utan kjennskap til at det same eller eit tilsvarande namn var i bruk i hans eiga heimbygd. Men dei fleste namna med klare parallellar frå heimstaden til forfattaren er truleg lånte og nytta av han med vitande vilje. Dei mange namneparallellane tyder på at Tu har hatt god kjennskap til folkelege namn og nemningar frå heimemiljøet sitt, og at han har utnytta denne ressursen i skrivinga si. Dei mange døma på namn med lokale parallellar kan kanskje gje eit noko stereotyp inntrykk, altså inntrykk av ein lite variert – og lite original – namnebruk. Men måten hans å laga namn på er i samsvar med namnebruken i det miljøet som er skildra, og dei mange ulike namna og nemna som er nytta, fortel om stor variasjon i namneformer og lite oppattbruk av dei same namna.

Fleire av bruksnamna som forfattaren synest ha laga sjølv, inneheld nemne som er velkjende i lokale namn. Av slike døme kan nemnast *Hans i Kratlebakken* (LL), *Juliane paa Vipevollen* (TL), *Karl Kornelius i Surpebraatet* (TL), *Lavrensa i Taatemyra* (TL), *Myrholm-plassen* (TL), *Helje på Rudlehaugen* (FF), *Abram i Kråkeholen* (FF), *Rakkell i Myrbakken* (FF), *Aksliane på Dontevod'l* (FF), *Ole Johanes på Homlevod'l* (FF), *Berta Maria på Kattahod'l* (FF), *Malina i Badlebakken* (FF), *Martine på Vollarheia* (FF), *Sigvald i Sturtebakken* (HS), *Ola på Flæe* (HS), *Matias i Paradiskroken* (HS), *Ingvald i Dokkeholen* (FFF), *Ola i Hatlebakken* (FFF), *Jens Nikolai på Kjelvesnippen* (FFF) og *Johannes på Hedlebrekko* (PO). Fleire av desse namna blir oppfatta som morosame av lesarar og tilhøyrarar, noko som er tilsikta frå forfattaren si side (jf. kap. 5).

Om dei gamle bruka innom ein matrikkelgard vert det mange stader på Jæren nytta retningsuttrykk som *Der nord*, *Der aust*, *Der oppe*, *Der heima* o.l. Slike uttrykk vert òg nytta når ein talar om folk frå dei ulike bruka. Torvald Tu har med ei nemning av denne typen i FFF, nemleg *Tørres der nord*; jf. elles Arne Garborgs *Per der nord* (*Fred*, 1892) og *Svein der aust* (*Heimkomin Son*, 1908).

I tradisjonell jærsk språkbruk er det svært vanleg å gjera greie for kven ein er son eller dotter til, jf. Garborgs *Kornelius hans Helge* (*Fred*). Tu har med døme som *Dina hans Karl Kjellebakken* (LL), *Nils hans Marselius på Rudlebakken* (HH) og *Johanes hans Tøres paa Reino* (IG, songstubb).

4.3 Andre stadnamn med lokale parallellar

Mange naturnamn og andre nemningar i småsogene og stubbane er, som nemnt, samansette med eit eksisterande gardsnamn eller bruksnamn, og sjølvne samansetjinga er òg ofte kjend. Døme frå Klepp er: *Riskjellbakkarne* (IG), *Riskjellmarki* (IG), *Roslandstunet* (IG), *Øksnavad-heidi* (IG), *Øksnavadmarki* (IG), *Øksnavad-myra* (TL), *Tubakken* (IG, LL), *Tumarki* (IG; Tu var, som nemnt, fødd på ein tidlegare husmannsplass i Tumarka, og han bygde seg diktarhytte i Mosberghagen i Tumarka), *Særheimsleite* (IG), *Særheimsgeilen* (IG), *Særeis-heio*

(HS), *Brekke marki* (IG), *Kleppekrossen* (LL, TL, FF, FFF), *Lalandslyngmarki* (LL), *Brautagarden* (LL), *Saltebakken* (TL), *Fjaagstad-holet* (TL), *Andabakken* (GS) og *Hattalandsholane* (TL). Av samansette namn som inneheld eit bruksnamn, kan nemnast *Kaasaheio* (LL; etter *Kåsen* på Tjøtta).

Samansettingar med eit gardsnamn frå grannebygda Time finn ein i *Aaslandsnuten* (IG, FFF), *Frøylandsvatnet* (IG, FF), *Tegle-aai* (IG), *Brynevegen* (LL, FF, HS), *Brynebrua* (HH), *Bryne-torget* (PO), *Steinslands-holane* (HH), *Lendemarka* (GS), *Lyeheia* (GS), *Njåfjellet* (FF) og *Åslandstunet* (FFF).

Også andre stadnamn som er nytta i stubbane og småsogene, finn ein parallellar til i Klepp og grannebygdene: *Skarpholen* (IG; jf. *Skarpholen* på Stangaland), *Pikhaug* (IG; jf. *Pikhaug* på Særheim), *Pikhaugmarki* (IG), *Tinghaug* (IG; jf. *Tinghaug* på Tu), *Gunnarsberget* (IG; jf. *Gunnarsberget* på Laland), *Ørnetuva* (*Ørnatua* finst fleire stader i Klepp), *Krossheid* (IG) *Krosshei-myrane* (HH; jf. *Kross(h)eimyra* på Laland), *Kåsaheikrossen* (FF; jf. *Kåsen* på Tjøtta), *Hestahagen* (HS, namnet finst fleire stader i Klepp og Time), *Storevodd'l* (HS; jf. *Storevollen* på Tu), *Krossen* (GS; finst fleire stader), *Storeholen* (FFF; finst fleire stader), *Figgjo-elva* (FFF), *Grønhaug* (FFF; jf. *Grønhaug* på Tu), *Klepp* (TL), *Klepp-stasjonen* (TL, GS). Andre velkjende stadnamn som er nytta i bøkene, er: *Nærbø* (TL, GS), *Varhaug* (GS, FFF), *Varhaugsokna* (FF), *Ganddalen* (GS), *Sandnes* (TL), *Stavanger* (TL, GS, FFF) og *Jæren* (IG).

Nokre av namna som er nytta, har Tu laga sjølv med bakgrunn i kjende namnetypar og namnelagingsmåtar. I dei tre første bøkene hans finn ein t.d. *Larsheidi* (IG), *Steinkraai* (IG), *Brôtaheidi* (IG), *Lottekrossen* (LL), *Brubakken* (LL), *Grindholen* (LL), *Botnevatnet* (LL), *Bratthaugen* (LL), *Storrbekkmjørflæet* (LL), *Geilhage-ledet* (TL), *Hønebakken* (TL) og *Kreglingbraade* (TL).

Av døma ovanfor går det fram at namnetilfanget på heimstaden til forfattaren også er den viktigaste basen når det gjeld naturnamna i bøkene hans. Namnelagingsmønstra og dei fleste einskildnamna er attkjennelege av sambygdningane, som kan seiast å vera den viktigaste mottakargruppa av stubbane og sogene, og namnebruken styrkjer den lokale karakteren til forteljningane.

5 NAMN SOM BLIR OPPFATTA SOM MOROSAME

At namna i humoristisk litteratur kan ha spesielle funksjonar, var kjent for meir enn 2000 år sidan. Ifølgje Aristoteles' *Om diktekunsten* (frå *Poetikken*) blir komiske personar i litteraturen utstyrte med høvelege namn: "I komedien er dette allerede blitt klart; når dikterne setter fabelen sammen i overensstemmelse med det som er sannsynlig, setter de også treffende navn på personene" (Aristoteles i Eide et al. 1987: 30). At namna har ulike funksjonar i skjønnlitterære verk, er elles velkjent, noko som i særleg grad gjeld personnamna (Windt-Val 2009: 30, Særheim 2001: 161).

Mange namn og namneformer i stubbane og sogene til Tu blir oppfatta som morosame – løgne – av lesarar og tilhøyrarar, noko som kan ha ulike grunnar. Det lokale, heimlege og kvardagslege er vel dei mest typiske draga ved namnebruken hans. Folk kjenner att namna, namneledda og namnelagingsmåtene frå heimemiljøet sitt. I tillegg til dei mange namneparallellane frå heimstaden til forfattaren kan nemnast bruken av namneledd som er svært vanlege i dette området, t.d. bruksnamn med etterledda *-holen*, *-vollen*, *-bakken*, *-hagen* og *-berget* (Særheim 1980: 90 ff.). Både namneinventaret og namnebruken er attkjenneleg for folk.

Mange bruksnamn er skrivne i dialektforma, særleg i monologar og dialogar, t.d. med endingar som *-hod'l*, *-vod'l*, *-bakkjen*, *-hagjen* og *-bergje*, jf. *Aksliane på Dontevod'l* (FF), *Ole Johanes på Homlevod'l* (FF), *Berta Maria på Kattahod'l* (FF), *Knud på Lynghod'l* (HS), *Per Bbergje* (FF), *Dårte Maria i Skrattehogjen* (FF), *Syvert i Hagjen* (FF) og *Gunvor i Steinhagjen* (HS). Dialektskrivemåtar er med på å få fram karakteren av det lokale, kvardagslege og uhøgtidelege, dessutan av noko som er avvikande frå norma; også dette medverkar til at somme namn vert oppfatta som løgne. Den komiske effekten kjem elles fram når det lokale og daglegdagse vert kopla saman med noko som er meir høgtideleg, t.d. sjeldne og lange førenamn med innlånte avleiingsendingar, som *Marselius på Rudlebakken* (HH), *Matea i Larsamyro* (HH), *Aksliane på Dontevod'l* (FF), *Malina i Badlebakken* (FF), *Dårte Maria i Skrattehogjen* (FF) og *Asseline Justine Gustava på Dokkeholen* (HH).

I mange namn finn ein lydutvikling som er særmerkt for sørvestnorske målføre, og som gjerne vert oppfatta som noko utstikkande og avvikande. Døme er segmentasjon, t.d. *ll > dl* i *-hod'l* og *-vod'l*, differensiasjon, t.d. *sl > tl* i *Hatle-*, og palatalisering, t.d. *g > j* i *-bergje* og *-hagjen*. Også dette måldraget framhevar det spesielle, det som skil seg ut frå det normale. Av skrivemåtar i stubbane og sogene som viser uttale og bøyingsmåtar som er særmerkte for målføret, og som vik av frå normert språkbruk, kan nemnast *Johannes på Hedlebrekko* (PO), *Jon på Hauane* (PO), *Marselius på Rudlebakken* (HH), *Knud på Lynghod'l* (HS), *Samel på Brekkevodd'l* (HS) og *Per Bbergje* (FF).

Nokre bruksnamn inneheld ord og ordformer som av mange vert oppfatta som typiske for målføret, jf. *Karl Kornelius i Surpebraatet* (TL), samansett med nemnet *surpe* f. 'blaut grunn, gjørme', og Jens *Nikolai på Kjelvesnippen* (FFF), samansett med *kjelve* f. 'eng, grasmark'. Slike namn kan elles tyda på at det dreiar seg om utkantgardar og noko tronge arbeids- og livsvilkår.

I nokre bruksnamn vert sjølvne namnelaginga og innhaldet i namneledda oppfatta som uvanleg og morosamt, jf. *Dårte Maria i Skrattehogjen* (FF), *Olai og Malina i Badlebakken* (FF) og *Sigvald i Sturtebakken* (HS). Også *Inger i Lufto* (PO) vert gjerne oppfatta som eit komisk namn, men dette namnet førekjem fleire

stader i Klepp, t.d. på Orstad, Erga og Bore, nytta om gardsbruk som ligg høgt i lendet.

Det semantiske innhaldet til namna og namneledda synest ikkje ha noko særleg å seia i personskildringa, men i nokre få høve spelar forfattaren på innhaldet i namnet. Om Asseline Justine Gustava (HH) skriv han: «Sidan ho var frå ein stad som heitte Dokkeholen, så skulde ein mest tru, at der var noko dokkegildt med henne au». Men så held han fram: «Jau, takk skal du ha, ei sleggja av dei fæle» (Tu 1924: 53). Om Rutlebakken (GS) heiter det: «Rutlebakken var slett ikkje så «rutlut» som namnet lydde. Då visst ikkje når det var steinrutl om å gjera. Det var helst ein ven stad, slik å sjå til for alle» (Tu 1947: 84).

Etternamnet til *doktor Mynster* i stubben Mynsteret (FF) er eit bilete på korleis personen er, nemleg 'eit mønster', jf. følgjande replikk i monologen til Berdines Borsokk: «Og så heide' han *Mynster* au, - denne. Det æ eit fint mynster, - eit fint mynster!» (Tu 1926: 42). Sluttreplikken hans lyder: «Spør'e han så om eg helle' 'an for ein narr, hell' 'an for ein narr, - så svara eg: – Nei, eg helle' deg for det mynsteret du æ, – det mynsteret du æ'!» (op.cit. 43).

6 SLUTTORD

Gjennomgangen av namnetilfanget og namnebruken i Jær-stubbane og småsogene til Tu viser at forfattaren har henta svært mange stadnamn, særleg matrikkelgards- og bruksnamn, frå heimbygda si og dei næraste grannebygdene. Han har dessutan nytta mange namneledd og namnelagingsmåtar som folk kjenner att frå heimemiljøet sitt når han har laga nye namn. Det attkjennelege, heimlege og lokale har tydelegvis vore ei rettesnor for han når han har knytt personane til buplassar og andre stader. Namnevala og namnebruken i stubbane og sogene medverkar til ein kvardagsleg og lun tone, og ofte til teikninga av komiske karakterar, bl.a. ved bruk av dialektformer som stikk seg ut, ved innhaldet i somme namneledd, og ved samankoplinga av lokale, kvardagslege og mindre høgtidelege språkformer med lange, noko høgtidelege og gammaldagse førenamn som gjerne inneheld framande avleiingsendingar.

Litteraturliste

- Andersen, A.M. 1987: Rogalandsforfattarar i den norske skjønnlitteraturen. I: *Frå Vistehola til Ekofisk 2*. E. Hovland & H.E. Næss, red. 407–481.
- Aristoteles. Om diktekunsten. I: *Europeisk litteraturteori fra antikken til 1900*. E. Eide et al., red. 1987. Oslo–Bergen.
- Aurenes, O. 1942: Litt om namneskikk og namnebruk på Jæren gjennom 400 år. I: Stavanger Museums Årshefte 51. 1940–41. 117–22.
- Gatland, J.O. 2008: *Torvald Tu – eit diktarliv*. Oslo

- Håland, A. 1994: *Torvald Tu – «norsk forfatter på to bokstaver»*. Hovedfagsavhandling i nordisk Universitetet i Bergen.
- Kruken, K. 1982: Frå reformasjonen til den nordiske namnerenessansen. I: *Norsk Personnamleksikon* (1. utg.). O. Stemshaug, red. Oslo. 44–65.
- Nedrelid, G. 1998: Å «kallast» noko og «skriva seg for» eitkvart anna. Om uoffisiell namnebruk i Jostedal, indre Sogn. I: *Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes 2[7]. desember 1998*. G. Akselberg & J. Bondevik, red. 196–203.
- Særheim, I. 1980: *Stadnamn i Klepp*. Rogalandsforskning. Rapport S 7. Stavanger.
- . 2001. *Daniel Braut og Gabriel Gram*. Nokre drag ved namnebruken i Arne Garborgs diktning. MM (2001). 161–182.
- Tu, T. 1920: *I godluna. Stubbar og smaasogor*. Kristiania.
- . 1921: *Lystig lag. Stubbar*. Kristiania.
- . 1923: *Tu-laattar*. Kristiania.
- . 1924: *Høg himmel. Stubbar*. Kristiania.
- . 1926: *Fint fylgje. Nye stubbar og anna nytt*. Oslo.
- . 1930: *Hugnadstunder. Jærstubbar og Jærdikt*. Oslo.
- . 1947: *Glade sinn. Hugnad-soger*. Oslo.
- . 1950: *For fjåge folk. Jærstubbar og hugnadsoger*. Oslo.
- . 1954: *Pinn-Ola og andre*. Oslo.
- Windt-Val, B. 2009: «Men han het Edvard...». *Navn og navnebruk i Sigrid Undsets forfatterskap. Avhandling for ph.d.-graden*. Universitetet i Oslo (2010).
- Aarseth, T. 1982: Dobbeltamn. I: *Norsk Personnamleksikon* (1. utg.). O. Stemshaug, red. Oslo. 88–92.

Bøker som er omtala (med forkortingar for boktitlane):

I godluna. Stubbar og smaasogor (1920, IG), *Lystig lag. Stubbar* (1921, LL), *Tu-laattar* (1923, TL), *Høg himmel. Stubbar* (1924, HH), *Fint fylgje. Nye stubbar og anna nytt* (1926, FF), *Hugnadstunder. Jærstubbar og Jærdikt* (1930, HS), *Glade sinn. Hugnad-soger* (1947, GS), *For fjåge folk. Jærstubbar og hugnadsoger* (1950, FFF), *Pinn-Ola og andre* (1954, PO).